



**Høgskulen  
på Vestlandet**

# **BACHELOROPPGÅVE**

Ein kvalitativ studie av meldeplikt for dei tilsette i barnehagen – kva kan spele inn på terskelen for å utøve meldeplikta?

A qualitative study about the collaboration between kindergarten and the Child Welfare Services – thresholds for sending notes of concern

**Bachelor i barnevern**

**BSV5-300**

**Avdeling for samfunnsfag/Institutt for barnevern, sosialt arbeid og vernepleie**

**26.05.2017**

**Tal ord: 8464**

**Kandidatnummer: 173**

**KARIANNE KVAM**

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 10.

*Hvis jeg lyttet,  
Ville du ha fortalt?  
Hvis eg fortalte,  
Ville du da lyttet?  
Kjenner jeg deg?  
Eller du meg?  
Er det egentlig mulig,  
hvis vi aldri lytter?*

Av Elisabeth Larsen

## **Collaboration between kindergarten and child welfare services**

Children spend in average 7-8 hours a day in kindergarten and to see that the numbers on reporting suspicions about a child are lower than in school is something that made me think and it is what turned in to the content of this dissertation. In the dissertation I will discuss what might keep a kindergarten teacher from reporting a suspicion to child welfare services. I chose this theme after my years of working in kindergarten, being a mother and after my internship. After the years it came clear to me that the way things are now for the kindergarten teachers and how they cooperate with child welfare services might be some of the reasons why the numbers on reporting are lower than from other departments. I have written about the staff in kindergarten and their duty to report a suspicion about if a child is being abused, experiencing violent or is being neglected. Trough this dissertation you will get to read about my qualitative study where I have been interviewing two kindergarten teachers from two separate kindergartens and about my findings of what might keep them from reporting. I hope this dissertation will give the reader a feeling of awareness and afterthought about the subject.

## Innholdsfortegnelse

<b>1. INNLEIING</b> .....	<b>5</b>
1.2 BEGRUNNING FOR VAL AV TEMA.....	5
1.3 PROBLEMSTILLING OG AVGRENSING .....	5
1.4 PLAN FOR OPPGÅVA .....	6
<b>2.0 BARNEHAGEN OG MELDEPRAKSIS</b> .....	<b>6</b>
2.1 FORMELLE RAMMER FOR BARNEHAGENS MELDEPLIKT.....	6
2.1.1 Meldeplikta for barnehagen .....	7
2.2 TIDLEGARE STUDIAR OM BARNEHAGENS MELDEPRAKSIS.....	8
2.2.1 Backe-Hansen : Å sende en bekymringsmelding – eller la det være? .....	9
2.2.2 Baklien: Skole, barnehage, barneverntjeneste – bilder av “de andre” hindrer samarbeid .....	10
<b>3.0 PERSPEKTIV PÅ MAGEFØLELSE OG GRÅSONA</b> .....	<b>12</b>
3.1 VEGEN FRÅ MAGEFØLELSE TIL MELDING .....	12
3.2 BORNA I GRÅSONA.....	13
<b>4. METODE</b> .....	<b>14</b>
4.1 VAL AV METODE.....	14
4.2 REKRUTTERING AV INFORMANTAR .....	15
4.3 SEMISTRUKTURERT INTERVJU.....	16
4.4. GJENNOMFØRING AV INTERVJUET .....	16
4.5. TRANSKRIBERING OG ANALYSERING .....	17
4.6 METODEETIKK .....	17
4.7 RELIABILITET OG VALIDITET.....	18
<b>5. RESULTAT OG DRØFTING</b> .....	<b>19</b>
5.1 BETYDINGA AV UTDANNINGA .....	19
5.2 KONTAKTEN MELLOM BARNEVERNET OG BARNEHAGEN.....	20
5.3 INFORMASJONSUTVEKSLING OG BARNEVERNETS TEIEPLIKT .....	21
5.4 DEN FYSISKE KONTAKTEN MED FORELDRA .....	22
<b>6. OM MINE FUNN</b> .....	<b>23</b>
<b>7. AVSLUTNING</b> .....	<b>25</b>
<b>8. LITTERATURLISTE</b> .....	<b>26</b>
<b>9. VEDLEGG</b> .....	<b>28</b>
9.1 VEDLEGG 1 .....	28
9.2 VEDLEGG 2 .....	30

## 1. Innleiing

I 2015 viste tal frå Statistisk sentralbyrå at barnehagane i Noreg sendte 2997 bekymringsmeldingar til barnevernet i løpet av 2015 (SSB, 2015). Sett opp i mot meldingar som kjem ifrå skulen, som ligg på 6456 meldingar i løpet av same året, er det vesentleg forskjell på antallet. Tema for oppgåva vil basere seg på meldeplikta dei barnehageansatte arbeider etter og deira meldepraksis ovanfor barnevernet. Ein behøver ikkje gå lenger bak i tid enn til 12.04.2017 då media hadde ei sak angående tre born som gjentatte gonger hadde fortald til dei ansatte i barnehagen at dei vart utsett for vald heime, men der styrar i barnehagen ikkje sende inn bekymringsmelding før tre år seinare (Johansen, 2017). Denne saka har ført til politianmelding av barnehagen. Kvifor skjer dette?

### 1.2 Begrunning for val av tema

Eg har erfaringar frå studiet, praksisperioden og anna arbeid som tilseier at orda barnevern og meldeplikt ofte vert opplevd som tabu. Det er ord og utøvingar som for mange er svært alvorlege, som vil setje livet deira på hovudet eller som kan opplevast som utanfor deira arbeidsoppgåver. Vidare i oppgåva vil eg bruke ordet meldeplikt som utgangspunkt både fordi det er svært relevant for utdanninga mi og fordi eg gjennom min praksisperiode arbeide med ulike profesjonar som alle stilte seg ulikt til plikta si når det kjem til melding av bekymring for den daglege omsorga til eit born/pasient. Det er splitte meiningar for kvar grensa går, både kva eg som student sjølv meiner bør vere terskel for at meldeplikta skal tre inn og kvar terskelen for andre profesjonar går. Eg har både under praksisperioden min samd mi gjennom mi arbeidserfaring opplevd at kollegaer ikkje veit kvar grensa går og at saker nokre gonger går for langt utan at ein tar kontakt med barnevernet. Fleire gonger har eg også opplevd at dei valde å ta kontakt med andre instansar som til dømes helsestasjonen eller PPT for at desse etatane skulle ta det vidare til barnevernet dersom dei sat igjen med same bekymring. Kvifor er det slik? Er det ansvarsfråskriving?

### 1.3 Problemstilling og avgrensing

Eg hadde eit stort ynskje om å få informasjon om korleis dei ulike etatane stiller seg til meldeplikta både med tanke på erfaring og kunnskap, både dei som jobbar i psykisk helsevern og dei som arbeider innan oppvekst-sektoren. Men oppgåva sin storleik tillèt ikkje ein å undersøkje så vidt og eg har difor måtta vald ut kven av etatane eg ville fokusere på. Valet falt på barnehagen etter arbeidserfaring, egne erfaringar som mor og opplevingar under studiet.

Eg har vald å avgrense oppgåva til å omhandle meldeplikta for dei ansatte i barnehagen fordi dei har dagleg kontakt med foreldra ved hente/bringesituasjon samd dei er ilag med borna i gjennomsnitt 7 timar dagleg (Tjernshaugen, 2011). Det er interessant for utdanninga mi å finne informasjon om denne yrkesgruppa sin kunnskap om barnevernet og kva som eventuelt kan spele inn på at terskelen for melding ligg på dagens nivå. Det er også relevant for å kunne jobbe vidare med dette og få til eit betre tverrfagleg samarbeid i framtida. Problemstillinga er difor:

- **Kva kan spele inn på terskelen for å utøve meldeplikta for ansatte i barnehagen?**

Barnehagen var også ein etat der det var nokså lett å skaffe informantar som mange var villige til å stille, noko eg trur er fordi dette er eit aktuelt tema i dagens samfunn både med tanke på antall born som går i barnehage samd medias framstilling av born som ikkje vert høyrte.

## 1.4 Plan for oppgåva

Denne oppgåva vil verte delt inn i 7 kapittel. I kapittel 2 vil eg presentere dei formelle rammene barnehagen arbeider etter og gje ein presentasjon av tidlegare studiar gjort kring same tema etterfylgt av kapittel 3 der eg presenterer litteratur som er relevant. Eg har funne lite forskning på dette spesifikke tema, spesielt internasjonalt som kan verte gjeldande i denne oppgåva, og eg har difor gjort det utvalet som vert presentert. Eg vil i kapittel 4 presentere metoden som vart brukt under arbeidet av oppgåva. Kapittel 5 vil innehalde funna mine før eg i kapittel 6 gjer ei avsluttande drøfting over mine funn. Avslutningsvis vil eg i kapittel 7 oppsummera oppgåva, kva som har vore gjort og kva som vart utfallet. Litteraturliste og vedlegg vil bli presentert til slutt.

## 2.0 Barnehagen og meldepraksis

Eg vil no starte med å gjere greie for dei formelle rammene for barnehagen og meldeplikta for å gje ei forklaring på meldepraksisen til barnehagen samd å kunne presentere kva andre studiar har funne angående tema.

### 2.1 Formelle rammer for barnehagens meldeplikt

Utdanningsdirektoratet har utvikla ein rammeplan som alle barnehagar skal fylgje. Den gjev både styrar, pedagogisk leiar og resten av personale ei ramme å planlegge etter, gjennomføre

og vurdere barnehagens verksomheit som er forpliktande. Ein får ei beskriving av barnehagen som samfunnsmandat der ein finn blant anna borns medverknad, samarbeid med bornas heim og der står beskrive at barnehagen blant anna skal samarbeide med helsestasjonen, PPT, utdanningsinstitusjonar og barneverntenesta ( Utdanningsdirektoratet, 2015).

Men barnehagen har også retningslinjer dei skal arbeide etter for å sikre born ein god og trygg kvardag der deira ansvar er å sjå, handle, vere audmjuk og tydeleg , samtidig som at det er styrar og pedagogisk leiar som har ansvar for å legge til rette for at alle dei ansatte i barnehagen er i stand til å sjå og handle for bornets beste ( Bratterud & Emilsen, 2013).

### *2.1.1 Meldeplikta for barnehagen*

Bratterud & Emilsen ( 2013) skriv at det er nødvendig at barnehagen har klare retningslinjer for korleis dei skal opptre under bekymring for eit born, at dei tilsette veit kven og kvar dei skal ta kontakt for ei eventuell melding eller drøfting, og at det er nødvendig at barnehagen i slike situasjonar har ein oversikt over kva som skal gjerast og i kva rekkjefylgje. Alle ansatte i barnehagen har alltid eit individuelt ansvar for å melde til barneverntenesta ( Bratterud & Emilsen, 2013).

Meldeplikta til barnehagen går under § 22 i Barnehagelova av 2006 som tilseier:

*“Uten hinder av taushetsplikt skal barnehagepersonalet av eget tiltak gi opplysninger til barneverntjenesten, når det er grunn til å tro at et barn blir mishandlet i hjemmet eller det foreligger andre former for alvorlig omsorgssvikt, jf. Lov om barneverntjenester § 4-10, § 4-11, § 4-12, eller når et barn har vist vedvarende alvorlige adferdsvansker, jf. samme lov § 4-24.” ( Barnehageloven, 2006).*

Meldeplikta rettar seg i denne lova mot personar som er offentleg ansatt og yrkesutøvarar med profesjonsbestemt teieplikt ( Barnevernvakten, 26.04). Ei melding gjelder eitt eller fleire namngitte born og meldinga inneber at barnevernet får ei skriftleg melding frå barnehagen om desse borna ( Backe-Hansen, 2009). Meldinga vil innehalde opplysningar om bornet og bakgrunnen for mistanken den ansatte har. Det er i prinsippet styrar som sender desse bekymringsmeldingane, men dette vil eg kome tilbake til seinare i oppgåva.

Dei ansatte i barnehagen eller andre offentlege instansar har mogelegheit til å kunne drøfte anonymt med barnevernet før ein sender ei eventuell melding på eit born. Den anonyme drøftinga vert ikkje sett på som ei offisiell melding då barnevernet ikkje får vete kven bornet

er eller kvar det befinn seg ( Backe-Hansen, 2009, s.16). Anonyme drøftingar kan vere med å heve terskelen for å ta kontakt med barnevernet utan å utlevere bornet før ein eventuelt vert sikker på at ei melding er den riktige retninga. Backe-Hansen ( 2009) hevdar at det ikkje fins tal på antall anonyme drøftingar som vert gjort med barnevernet ifrå barnehagane i løpet av eit år.

I ein situasjon der barnehagen har utført si meldeplikt er det viktig å påpeke at barnevernet har pliktar tilbake ovanfor barnehagen. J.f Barnevernlova (1992) § 6-7 a. Ei tilbakemelding sendast til meldar innan tre veker etter motteken melding og ein skal i denne meldinga få informasjon om at meldinga er motteken og som **offentleg ansatt** skal ein få informasjon om det er opna undersøkelsessak ( Barnevernlova, 1992). Dersom det vert opna sak skal meldar få tilbakemelding om at undersøkinga er gjennomført og om saken vert henlagd eller vidare oppfulgt av barnevernet( Barnevernlova, 1992). Ved iverksetjing av tiltak **kan** meldar få tilbakemelding om tiltaka med hensyn til vidare oppfylging av bornet ( Barnevernlova, 1992).

## 2.2 Tidlegare studiar om barnehagens meldepraksis

Eg vil vidare ta utgangspunkt i ein studie gjort av Bergljot Baklien og ein studie av Elisabeth Backe-Hansen Dei har begge informasjon som er svært relevant for problemstillinga, til tross for deira ulike vinklingar. Både Baklien og Backe-Hansen sine studiar er åtte år gamle per dags dato, men ut ifrå deira resultat og mine egne funn som eg vil presentere seinare, finn eg dei høgst relevante. Bakgrunnen for å presentere desse er for å vise kva dei har funne ut som kan drøftast kring mi problemstilling og vise deira funn kring kvifor det kan vere vanskeleg å melde ei bekymring til barnevernet. Eg vil presisere at val av tidlegare studiar og pensum kun er norsk då det fins lite internasjonal forskning på akkurat dette emnet . Dette vel eg å tolke som at systema arbeider ulikt internasjonalt samtidig som mi problemstilling er nokså spiss.

Det er publisert fleire bachelor- og masteoppgåver med liknande problematiseringar, men for oppgåvas reliabilitet ynskjer eg ikkje å presentere funn frå tidlegare bacheloroppgåver. Eg ynskjer derimot å trekkje fram ei masteroppgåve skreve av Elisabeth Walsøe Lehn (2009) : Dårlig magefølelse: Grunnlag for bekymringsmelding?. Formålet med hennar undersøking var å beskrive dei barnehageansattes tankar, haldningar og handlingar når dei arbeider med born som bekymrar ( Lehn, 2009). Ho utførte intervju med 16 barnehageansatte der alle stilte med ulik erfaring når det kjem til arbeid med born som bekymrar. Igjennom sin studie presentere ho funn som tilseier at dei ansatte legg stor vekt på kunnskap og erfaring, det å ha



ein tydeleg styrar og at å arbeide på tettstader (<5000 personar) kan påverke arbeidet. Eg vil ikkje gå vidare inn i Lehn (2009) sin masteravhandling, men ville presentere den kort for å gje eit innblikk kva som fins av tidlegare avhandlingar på tema.

### *2.2.1 Backe-Hansen : Å sende en bekymringsmelding – eller la det være?*

Studien til Elisabeth Backe- Hansen er ei kartlegging av samarbeidet mellom barnehagen og barnevernet som er utført på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet i samarbeid med Barne- og likestillingsdepartementet. Den utgjer ein del av bakgrunnsstoffet for stortingsmeldinga som kom om kvalitet i barnehagane på tidspunktet den vart publisert. Undersøkinga er gjennomført ved bruk av spørjeskjema og intervju og har mange funn, men eg vel å ta utgangspunkt i dei eg finn relevante for denne oppgåva. Eg vel difor å presentere Backe-Hansen sine funn kring barnehagens rutinar for melding, om ein opplever forskjell på antall meldingar innan kommunale og private barnehagar, kva informantane meiner gjer terskelen for ei melding høgare samd korleis pedagogisk bakgrunn er presentert i barnehagane som deltok i studien.

Informantane i studien viser til rutinar som barnehagen arbeider etter ved ei bekymring for eit born. Backe-Hansen viser til at 94% av dei deltakande barnehagane har rutinar, enten dei er skriftlege eller ikkje nedført skriftleg, og nærmare 90% arbeide etter den same rutinen som tilsa at all bekymring skulle bli drøfta med styrar og/ eller pedagogisk leiar i barnehagen. Ut ifrå det Backe-Hansen (2009) presenterer vil ein difor ikkje kunne antyde at nokre eventuelle manglar på rutinar ved bekymring kan ha samanheng med antall meldingar som vert meldt inn ( s. 35) og eg vel difor å tolke dette som at å ha rutinar for dei ansatte i barnehagen verken fører med seg fleire eller færre meldingar.

Vidare kom det fram at dei kommunale barnehagane hadde sendt dobbelt så mange bekymringsmeldingar som dei private og at det var nærmare tre gonger så mange private barnehagar som aldri hadde sendt ein bekymringsmelding, sjølv om antallet kommunale og private barnehagar som deltok i undersøkinga var omtrent like stort ( Backe-Hansen, 2009, s. 37-38). Backe-Hansen (2009) hevder vidare at det sannsynlegvis vil være slik at ein barnehage som aldri har meldt ei bekymringsmelding til barnevernet kan oppleve både mangel på kjennskap til barnevernet og at dei kan oppleve det som vanskeleg å melde frå fyrste gang (s.38). Eg vel ikkje å tolke dette som at Backe-Hansen hevdar at dei private barnehagane generelt sett har mindre kjennskap til barnevernet enn dei offentlege, men at

hennar funn tilseier at dei private meldar sjeldnare og ved å ha meldt færre saker sit ein også igjen med mindre erfaring frå slikt samarbeid.

Backe- Hansen ( 2009) har funne konkrete punkt der ein kan sjå kva hennar informantar problematiserte i forhold til å sende ei melding ved ei bekymring. 78 % av alle dei spurde meldte at sjølv om dei var bekymra tilsa ofte ikkje bekymringas bakgrunn det til å vere alvorleg nok. Kva som ligg bak utsagnet om at bekymringa ikkje er alvorleg nok er noko usikker, men som Backe-Hansen ( 2009) skriv kan slike saker by på problem, spesielt dersom ein ikkje får den hjelpa ein treng for å avklare alvorlegheitsgrada ( s. 44). 75,9% meldte om at mangelen på vidare informasjon om borna etter meldinga er sendt gjorde terskelen deira høgare. Eg vel å tolke dette som at ein eventuell informasjonsutveksling mellom barnevernet og barnehagen er for einvegskøyrd der barnehagen blir bedt om å uttale seg, men får ikkje nok informasjon tilbake for å betre det vidare arbeidet sitt med den gjeldande bornet.

Det siste punktet eg vel å ta med frå denne studien er det Backe-Hansen ( 200) skriv om at ein kan tenke seg at ein ansatt med pedagogisk utdanning vil ha meir kunnskap om omsorgsvikt, overgrep, mishandling og at vedkommande vil ha lettare for å vite kva teikn som bør gje grobunn for ei bekymring og vidare ei eventuell melding (s. 35). Denne studien har undersøkt antall ansatte med pedagogisk bakgrunn som er tilsette i styrar eller pedagogisk leiarstilling og tala syner at 96% av alle barnehagane hadde styrar med pedagogisk utdanning og 85% av dei pedagogiske leiarane hadde det ( Backe-Hansen, 2009, s.36). Ein kan ikkje bruke denne informasjonen for å konkludere med at ein pedagogisk bakgrunn ikkje vil ha innverknad på antall meldingar som vert sendt, men eg vel å tolke det som at å ha ein pedagogisk bakgrunn ikkje nødvendigvis vil gje det grunnlaget som trengs for å ta standpunktet når det kjem til om ein melder eller ikkje.

### *2.2.2 Baklien: Skole, barnehage, barneverntjeneste – bilder av "de andre" hindrer samarbeid*

Bergljot Baklien utførte i 2009 ein kvalitativ studie der svara bygger på kvalitative intervju med 58 lærarar, barnehageansatte, helsesystre og ansatte i barneverntenesta. Problemstillinga var knytt til evalueringa av eit prosjekt som skulle gje økt handlingskompetanse for ansatte i dei nemnde etatane slik at dei så tidleg som mogeleg oppdagar born som lever utsatt og får

gitt den oppfølginga og hjelpa borna har behov for ( Baklien, 2009, s.237). Intervjua tok utgangspunkt i konkrete erfaringar.

Baklien (2009) fant i sin studie ut at lærarar og barnehageansatte har liten tillit til barnevernet og ho vel å setje opp tre orsakar for den mistilliten. Fyrste punktet baserar seg på det faktum at hennar informantar ser på barnvernet som eit lukka system og dei knyter dette opp mot konkrete og handgripelege barrierar som blant anna teieplikta ( Baklien, 2009, s.239). Dette baserar seg på det ho presenterer kring at dei barnehageansatte føler seg snytt for informasjon som kunne gjort samarbeidet deira med både bornet og dei føresette betre, men ved at barnevernet til tider kan utøve ei for streng fortolking av teieplikta vert ikkje viktig informasjon formidla tilbake til meldar ( Baklien, 2009, s. 238). Eg vil seinare i oppgåva syne til mine egne resultat angående dette punktet og går difor ikkje meir inn på det her. Det andre punktet går ut på at det er lite hjelp i å henvende seg dit fordi dei gjer for lite. Dette punktet var ifølge Baklien ( 2009) knytt opp til det dei opplevde som akutte situasjonar og om at dei ynskjer hjelp i det dei tar kontakt, ikkje dagen etterpå. Siste punkt baserar seg på det at barnevernet gjer for mykje og er for drastiske i problemløysingane sine ( Baklien, 2009). Det Baklien( 2009) syner til er utsagn hennar informantar kom med angående deira oppleving av at barnevernet er overarbeida, har mange saker og lite ressursar, nokon som hevar terskelen for å melde ( s. 240) Ut ifrå denne studien finn ein blant anna tre ulike grunnar for kvifor det kan opplevast som vanskeleg å melde ei bekymring. Bilete me har av andre har mykje å sei i kvardagen, både i privatlivet og i arbeidslivet. For enkelte etatar, som her barnehagen og barnevernet, er det svært viktig at vårt syn på kvarandre gjev rom for godt samarbeid.

Baklien (2009) syner i sin studie at ho har blitt presentert for problemstillingar kring det å føle på ein fysisk avstand til andre etatar. Med fysisk avstand viser eg til det å kjenne andlete eller namnet til kvarandre. Å ha kjennskap til menneske ein skal samarbeide med kan vere med på å gjere terskelen for å melde lågare. Baklien (2009) syner vidare i sin studie til kor viktig vår oppfatning av ”dei andre” er. Ho skriv at hennar data gav ho moglegheit til å kunne få fram hindringar som ligg i aktørane ”umiddelbare og ureflekterte oppfatningar” og oppfatningar av typen” det er da noe alle vet, at de er slik” ( Baklien, 2009, s. 238). For å gje ei god beskriving over korleis samarbeid påverkar verkelegheitsforståinga vår av kvarandre må ein ha i bakhovudet at aktørane oppfatning av verkelegheita kan vere viktigare enn korleis verkelegheita faktisk er, også kalla Thomasteoremet ( Baklien, 2009, s.238).

### 3.0 Perspektiv på magefølelse og gråsona

Åse Bratterud og Kari Emilsen har skrive ei bok som handlar om dørstokkmila og vegen barnehagen går ifrå magefølelse og til ei melding til barnevernet. Boka presenterer forskingsbasert og praksisnær kunnskap om barnehagens arbeid når det oppstår ei bekymring for eit borns omsorgssituasjon. Igjennom boka kjem Bratterud & Emilsen (2013) med blant anna konkrete råd om systematisk arbeid, dei skriv om borns omsorgssituasjon og barnehagens formelle og uformelle ansvar som førebyggjande arena. Boka er svært relevant for alle som arbeider etter prinsippet om bornets beste.

#### 3.1 Vegene frå magefølelse til melding

Bratterud og Emilsen (2013) skriv at barnehagen har ein viktig rolle i det å sjå alle borna som er i barnehagen og sørge for at dei får den omsorga og hjelpa dei har behov for, og med det vel eg å kunne trekkje inn meldeplikta som eit viktig faktum. Det at eit born vert sett av fleire vaksne enn foreldra over ein lenger periode vil vere med å danne eit inntrykk av bornet si fungering både når det kjem til deira sosial – og relasjonskompetanse samd det å gje god språkutvikling gjennom pedagogiske tilbod (Bratterud og Emilsen, 2013). Det er difor viktig å lære seg sjølv å kjenne, å kjenne på kva det er som hindrar ein, enten det gjelder å sende inn bekymring eller la seg sjølv kjenne på bekymringa. Å kunne arbeide med og stå opp for born som gjer ein bekymra eller gjev klump i magen krev mot. Ein må ha mot til å tørre å sjå, til å kjenne på følelsane det kjem med og mot til å handle på vegne av bornet fordi det kan vere avgjerande for om eit born får hjelp eller ikkje (Bratterud & Emilsen, 2013). Kven skal prate for og hjelpe bornet når det ikkje klarar det sjølv? Dersom ein ansatt har problem med å skilje mellom dei faktiske opplysningane, vurdere observasjonane han gjer og samtidig bearbeide sine egne overlevingsstrategiar, vil det å avdekke ei uro skje langsamt (Bratterud & Emilsen, 2013, s. 106). Med dette meiner ein at ein vil bruke lenger tid på å tolke følelsane sine og dei kroppslege reaksjonane ein opplever noko som igjen vil føre til at ein opplever det vanskeleg å beskrive for kollegaene sine, og dette kan føre til at ein bruker lang tid før ein eventuelt deler den spesifikke uroa. Dette må ofte bli sett på i samanheng med at den ansatte har lite eller ingen erfaring som kan hjelpe dei med å tolke magefølelsen og dei kan oppleve problem med å definere denne uroa for seg sjølv og kollegaer (Emilsen & Bratterud, 2013, s.106).

Ifølge Bratterud & Emilsen (2013) er barnehagen den betydingsfulle andre med dens ansvar med å sjå, handle, være tydeleg og audmjukt ovanfor borna. Men kva skal då til for at dei

ansatte skal tørre å sjå eller lære seg å setje ord på følelsane sine ? Noko av det Bratterud & Emilsen (2013) skriv er at det fyrste ein må gjere i arbeidet kring det å verte den betydingsfulle andre er å finne ut kva som hindrar oss eller kva som gjer det vanskeleg å gripe inn. Det som kan vere vanskeleg med dette er å innsjå at hinderet er oss sjølv, at ein manglar mot til å sjå og handle dersom ein møter motstand både hjå seg sjølv og ifrå andre ( Bratterud & Emilsen, 2013, 166). For at alle ansatte i barnehagen skal ha grunnlaget for å kunne uttøve dette er det viktig at styrar og pedagogisk leiar har lagt til rette for det. Dette vert gjort gjennom opplæring for dei ansatte slik at dei kan vere ein betydingsfull voksen som ser, handlar og støtter familien og borna ( Bratterud & Emilsen, 2013).

Lat oss presentere fiktive Mona. Mona arbeider i ein barnehagen og har den siste tida gått med ein rar følelse i magen. Mona veit ikkje kvar den kjem frå, men ho har funne ut når den kjem, og det er annakvar veke. Annakvar veke bur tre år gamle Sara som går på Mona sin avdeling hjå pappa og under desse vekene er følelsen i magen vond. Mona er usikker på kvifor og om ho er den einaste som går med denne følelsen. Men Mona torer ikkje ta dette opp med sine kollega før ho klarar ikkje setje ord på følelsen for seg sjølv. Kor lang tid vil Mona gå med denne følelsen som er ei tydeleg bekymring før ho deler den med dei andre? Kor mange av dei andre ansatte går med same uroa som Mona? Det er situasjonar som dette Bratterud & Emilsen prøver å forklare at skjer i barnehagane.

### 3.2 Borna i gråsona

Eit viktig begrep som vert bruk både i Backe-Hansen ( 200) sin studie og i boka til Bratterud & Emilsen ( 2013) er ”gråsoner” og ”gråsonesaker”. Ei openbar bekymring vert definert konkret som akutt og at den utløyser opplysningsplikt til barnevernet, medan ”gråsoner” er når dei ansatte er usikre på om bekymringa utløyser opplysningsplikta ( Bratterud & Emilsen, 2013, s. 106). Bratterud & Emilsen ( 2013) skriv at det ikkje er klare teikn på omsorgssvikt, men at bornet og / eller dei føresette viser teikn og symptom som gjev personale grunn til å tru at bornet lever i eit omsorgssituasjon som er belastande (s. 137).

Dei ansatte vil observere mange born som Backe-Hansen ( 2009) vel å beskrive som ”gråsonar” , men der alvorlegheitsgrada ikkje er stor nok for å utløyse meldeplikta. ”Gråsonar” tar også for seg dei sakene der ein er usikker på korleis ein skal gå vidare, men ein kan i desse tilfella både drøfte anonymt med barneveret eller ta steget mot å sende inn ei melding, då særleg med samtykke frå foreldra ( Backe-Hansen, 2009, s. 16). Ifølge Bratterud & Emilsen

(2013) kan omsorgssvikta vere utydeleg og det er difor viktig å vere oppmerksam på born som viser avvikande åtferd, enten det gjeld forseinka språkutvikling, dårleg motorikk eller om ein opplever at bornet strevar med å samarbeide med vaksne og andre born i leik og kvardagsaktivitet ( s. 137). Når det kjem til borna ein definerer til å vere i gråsona så gjeld ikkje dette borna som har skitne kler, dårleg utstyr eller som ofte er svolten. Det gjeld derimot dei borna der ein gjerne opplever ei endring i åtferdsmønsteret, dei borna som er svært stille eller utagerande og som difor viser teikn på å krevje tettare oppfylging samd observasjon for å kunne finne årsaken ( Bratterud& Emilsen, 2013). Det er viktig å vite at ein ved observasjon og oppfylging kan finne ut at teikna og symptoma kjem frå andre årsaker enn omsorgssvikt.

Det er vanleg praksis at pedagogisk leiar definerer bekymringa når fleire av dei ansatte er einige om at dei har ein kollektiv dårleg magefølelsen og om ein vel å definere det som openbare bekymringar eller ”gråsonbekymringar ”( Bratterud & Emilsen, 2013, s. 106).

## **4. Metode**

Den samfunnsvitenskapelege metoden som vert brukt i denne oppgåva beskriv Johannesen, Tufte & Christoffersen ( 2010) som korleis ein går fram for å få informasjon om den sosiale verkelegheita og korleis ein skal analysere den informasjonen. Ved bruk av denne metoden har det hjelpt meg til å samle inn, analysere, tolka og presentere datamateriale mitt noko som er ein sentral del av ei empirisk forskning ( Johannesen et.al., 2010, s.29).

### **4.1 Val av metode**

*” En metode er en fremgangsmåte, et middel til å løse problemer og komme frem til ny kunnskap” ( Dalland, 2007).*

Igjennom oppgåva mi valde eg å bruke kvalitativ metode fordi det er som Johannesen, Tufte & Christoffersen ( 2010) skriv om at valet vil ”være et resultat av både hva som er best egnet til å besvare problemstillingene, og hva det er mulig å gjennomføre innenfor de fastsatte tidsrammene”( s. 100). Å bruke kvalitativ metode vil seie at eg utforskar problemstillinga med ei orientering mot å utforske meiningsamanheng og forstå av menneskets erfaring i motsetnad til kvalitative metodar der ein utforskar problemstillingar som knyter seg til å utforske mengd eller å måle eit fenomen

Grunnlaget for val av denne metoden er med bakgrunn av at empiri tyder kunnskap som er bygd på erfaring (Dalland, 2007) og eg ville difor løfte fram førskulelærarens stemme, deira erfaring, tankar, følelsar og personleg meiningar kring tema. Eg meiner at eit intervju vil vere med å frigjere dei frå sin rolle i jobbsamanheng og klare å opne seg opp både om sine sterke og svake sider som førskulelærar.

## 4.2 Rekruttering av informantar

Eg var ute etter å kunne få kontakt med personar med erfaringar og historiar kring tema. Kva tenkjer den aktuelle førskulelæraren om dette tema? Under min studie hadde eg difor bruk for informantar som var utdanna barnehagelærer/førskulelærar og som er aktiv i yrket per dags dato. Storleiken på oppgåva sette begrensingar for kor mange informantar eg kunne søkje kontakt til. Eg valde å intervjuje to informantar.

Hovudintensjonen ved eit kvalitativ forskingsintervju er ikkje å samanlikna dei ulike informantane, men det er eit ynskje om å kunne oppnå tilgang til handlingar og hendingar som blir sett på som relevante for oppgåvas problemstilling (Ryen, 2002, s.85).

Ved val av informantar ville eg oppnå eit så variert utval som mogeleg til tross for at talet er to. Eg tok difor kontakt med nokon som i yrkesstatus er identiske, men som stiller ulikt erfaringsmessig. Informantane jobbar begge som pedagogisk leiar i kvar sin barnehage. Den eine informanten arbeider i ein av kommunens minste barnehagar, medan den andre arbeider i ein av dei største. Den eine er relativt nyutdanna og den andre er erfaren med fleire tiår i yrket. Eg valde å spesifisere informantane på denne måten for å eg ynskjer å sjå om det kan ha vore endring i kva kunnskap ein får gjennom utdanninga no og eventuelt kor mykje erfaring, kompetanse og kunnskap i form av kurs gjennom arbeidsplassen ein barnehagelærer/førskulelærar kan få som yrkesaktiv.

For å nå ut til informantane mine valde eg å ta kontakt via telefon gjennom mitt personlege nettverk. Eg hadde fleire informantar i bakhand, men det var ikkje nødvendig å ringe fleir enn dei to fyrste då dei var villige til å stille opp. Eg kunne ha vald å sende ut skriv til dei lokale barnehagane med ønske om å kome i kontakt med mi målgruppe noko som mogelegvis kunne ha fungert bra då eg kunne fått eit breitt val av informantar å velje mellom. Men eg kunne også ha opplevd at det ville tatt lang tid å oppnå kontakt noko som ville ført til eventuelle forseinkingar i skriveprosessen. Eg valde difor å velje ut informantar sjølv via personleg

nettverk som eg viste satt inne med informasjon og den kunnskapen som eg er ute etter. Ei eventuell feilkjelde ved å ta dette valet kan vere at oppgåva kan verte styrt av meg med tanke på mine eventuelle erfaringar og relasjonar med informantane samd korleis eg stiller meg til yrket, utdanninga og yrkeserfaringa.

### 4.3 Semistrukturert intervju

Før utøvinga av intervju måtte eg planlegge kvar og korleis intervjuet skulle føregå samd tenke på kva spørsmål eg ville spørje. Ein intervjuguide vart laga for å få eit reint oppsett av planen for utøvinga som inneheld ei liste over tema og spørsmål ein vil gå igjennom i løpet av intervjuet ( Johannesen et al., 2010, 139). Intervjuguiden vart ferdig formulert med ni hovudspørsmål og 2 generelle spørsmål før intervjuet tok stad. Informantane fekk ikkje utlevert intervjuguiden før intervjuet tok stad for å sikre validitet i studien. Sjølve oppbygginga av intervjuet går ut ifrå ein semistrukturert form fordi det kan gje ” ein god balanse mellom standardisering og fleksibilitet” ( Johannesen et al., 2010,s. 139). Eg valde semistrukturert intervju av same grunn som Johannesen et.al ( 2010) skreiv om at det gjev situasjonen ein lettare og meir uformell atmosfære å snakke i samtidig som ein har klare linjer ein skal halde seg innafor (s.138).

Intervjuguiden ligg som vedlegg 1.

### 4.4.Gjennomføring av intervjuet

Sjølve prosessen kring gjennomføringa av intervju føregjekk heime hjå den eine informanten, medan det andre intervjuet føregjekk på informantens arbeidsplass. Begge informantane fekk sjølve bestemme kvar dei ville ha sitt intervju, både med tanke på kvar dei følte seg tryggast samd kvar det vart enklast for dei å kunne få gjennomført. Intervjua var begge på same dag og det er brukt same intervjuguide på begge informantane. Informantane vart bedt om å svare konkret på spørsmåla som var stilt og vart minna på at dette var frivillig og at dei vil bli anonymisert i den ferdigstilte oppgåva.

Eg tok i bruk bandopptakar under intervju.



## 4.5. Transkribering og analysering

Etter endt intervju byrja arbeidet med transkriberinga. Å transkribere betyr å transformere, skifte frå ei form til ei annan ( Kvale & Brinkmann, 2009, s.187). Mine intervju er som tidlegare nemnt tatt opp med bandopptakar for så å bli lagra på ein minnepenn og vidare transkribert inn på ei privat datamaskin. Ved å intervju med bandopptakar betyr at ein kan gå tilbake og lytte på både ordbruk, tonefall, pausar og liknande som har blitt registert under intervjuet ( Kvale & Brinkmann, 2009,s.187). Mine informantar har nynorsk som hovudmål og eg valde å transkriberte intervju på nynorsk for ikkje å miste ein eventuell viktig samanheng med tanke på ordvalet til informanten. Ved å transkribere intervjuet på rein nynorsk opplevde eg ikkje å miste poenget i den aktuelle situasjonen. Ved vidare transkribering av intervju frå munnleg til skriftleg form vart samtalan strukturert på ein måte som skal gjorde det enklare å få oversikt og det var byrjinga på ein analyse (Kvale & Brinkmann, 2009)

Det å analysere data som eg har henta inn ved intervju inneber alltid å redusere datamengda og eg delte datamateriale inn i deskriptive kategoriar som refererte til moglege tema som kan spele inn på meldeplikta ( Ryen, 2002). Å kategorisera datamateriale inn i kategoriar som refererer til det valde tema vil vere ein prosess som skal bringe orden, struktur og meining i all innsamla data (Ryen 2002). Eg starta med å dele inn materialet etter nokre kategoriar som eg fann det naturleg å dele intervju inn etter. Desse kategoriane var: betydninga av utdanninga, kontakten mellom barnevernet og barnehagen, informasjonsutveksling og barnevernets teieplikt og den fysiske kontakten med foreldra. Deretter prøvde eg å finne eit mønster som gjekk att innanfor kvar kategori. I denne fasen såg eg også etter om det var noko ulikt innanfor kvar kategori. Informantane svara klart og presist under studien, noko som gjorde analyseringa av datamateriellet ryddig å gjennomføre.

## 4.6 Metodeetikk

Ved å gjennomføre ein studie der informantane utleverar privatlivet sitt er det viktig å ta omsyn til ei rekkje etiske refleksjonar då dette skal bli formidla ut i det offentlege (Kvale & Brinkmann, 2009, s.80 ). Det er viktig at informantane kjenner seg att i det som vert framstilt. Eg måtte under analyseringa sørgje for at uttalelsene som vart formidla under intervjuet vart tolka korrekt og eg måtte vere bevist på kor djupt og kritisk eg kunne analysere det (Kvale &

Brinkmann, 2009). Ved å anonymisere informantane under transkriberinga vart det teke omsyn til personvern.

Før eg kunne setje i gang med intervjuet sende eg ut ein samtykkeerklæring som også innehaldt informasjon om studien. I skrivet informerte eg om oppgåva, tema, om deira rett til å kunne trekkje seg når som helst utan begrunning og at deltakinga er frivillig. Det er viktig at deltakaren vert informert om at det er frivillig samtykke, noko som Dalland (2007) skriv betyr at de som involveres i forskinga gjer dette med vitande og vilje på eit fritt og sjølvstendig grunnlag (s. 243). Vidare vart dei informert om anonymisering og at ein ikkje vil kunne kjenne dei igjen i ein eventuell publikasjon då det verken er "hva informanten heter, eller hvilke adresse vedkommende har, som er interessant" (Dalland, 2007,s.241).

Samtykkeerklæringa ligg som vedlegg 2.

#### 4.7 Reliabilitet og validitet

Reliabilitet knyter seg til om data gjort i ein undersøkelse er pålitelege. Johannesen et. al.(2010) skriv at både kva data som vert brukt, korleis det vert samla inn og korleis ein bearbeider datamateriale alle knyter seg til begrepet om reliabilitet (s. 229). For å styrke truverdigeheita i oppgåva mi har eg vald å gjere rede for transkriberinga og analyseringa. Eg vil under presentasjonen av resultata vise til direkte sitat frå informantane mine for å synleggjere deira oppfatning og personlege erfaringar kring tema. Eg vil etter presentasjon av informantens utsagn drøfte det ilag med problemstillinga, mine eigne tanker kring tema og med hjelp av pensum eller andre studiar. Ved å presentere på denne måten skil eg mellom kva som er studiens funn, mine eigne tolkingar og anna litteratur (Kvale og Brinkmann, 2009). Validitet er eit omgrep som Johannesen et.al (2010) beskriv som ein samanheng mellom det fenomenet som vert undersøkt, og data som er samla inn. Mykje av validiteten i mi oppgåve som kvalitativ undersøkelse tar utgangspunkt i min framgangsmåte og om mine funn reflekterer formålet med studien og representerer verkelegheita (Johannesen et.al., 2010,s. 230). Informant 1 har femten års erfaring frå arbeid i barnehage og har gjennom åra meld fleire bekymringsmeldingar til barnevernet. Informant 2 har tre års erfaring og har meldt ei sak til barnevernet per dags dato.

## 5. Resultat og drøfting

Eg vil under dette kapitlet presentere resultatene eg har funne kring tema og problemstillinga eg har arbeida etter. Eg vil no drøfte betydninga av utdanninga, kontakten mellom barnevernet og barnehagen, informasjonsutveksling og barnevernets teieplikt, og den fysiske kontakten med foreldra i lys av teori og tidlegare forskning. Det er viktig å ha i minne at resultatene er analyserte og kategoriserte av meg og er difor drøfta undervegs i presentasjonen ut ifrå mine synspunkt og tolkingar kring resultatene.

### 5.1 Betydninga av utdanninga

Eg spurde mine informantar om kva dei tenker om informasjonen som dei fekk om barnevernet i løpet av studiet. Korleis føler dei at dette hjelper dei til å verte gode på å bedømme omsorgssituasjonen til eit born?

Informant 1 fortalde mellom anna:

*” Eg følte vel kanskje at da i studiet ikkje var so godt lagt opp. No er det ein del år tilbake då. Eg hugser me hadde ei forelesing der me fekk inn ei frå barnevernet. ”*

Den andre informanten sa på si side:

*” Eg kjenner på den at me har fått for lite informasjon. Me har jo vå innom da, men da har jo vore for lite vekt på da med tanke på kor mykje me eigentleg gjer og er med borna. Det er som lærarane sa at: meld ein gong for mykje enn ein for lite. Og da var på ein måte nemnt kvar gong. Da vart aldri nemnt kva me skal sjå etter eller når me skal melde. ”*

Dette kan tolkast som at informantane forventar meir frå studieplanen etter 3 år på høgskulen med tanke på informasjon om korleis ein av dei viktigaste samarbeidspartnarane deira arbeider og kva desse forventar av ein barnehagetilsett både når det kjem til avdekking, generell mistanke eller bekymring. Det er viktig for både samarbeidet og tilliten mellom dei ulike etatane at dei alle sitter med relevant kunnskap for å kunne utfylle samarbeidet til det fulle. Etter henholdsvis tre og femten år i arbeidslivet har begge informantane tileigna seg mykje god erfaring kring barnevernet både gjennom ulike kurs, seminar og møter. Eg kan difor ikkje konkludere med at dette spelar inn på mine informantars terskel for å melde, men eg ynskjer å påpeike at dette er noko dei begge hadde formeiningar om og eit ynskje om at skal verte forbetra.

## 5.2 Kontakten mellom barnevernet og barnehagen

Grimen (2009) skriv at tillit letter overføringa av informasjon og kunnskap, og når det kjem til borna vore krev me å ha tillit til den som skal ta vare på dei. Mistrur ein mottakaren har ein ikkje noko grunn til å formidle informasjon til han (Grimen, 2009). Det vil seie at når barnehagen skal sende inn ein bekymringsmelding er det heilt avhengig at dei har tillit til barneverntenesta, for det fins ingen andre etatar å henvende seg til kring dette tema. Det er difor uunnverleg at barnehagen må ha tillit til barnevernet med tanke på eit vidare samarbeid med dei og for at samarbeidet skal bli lettare fordi ein kan byggje vidare på kvarandres arbeid (Grimen, 2009, s.75). Eg ynskjer verken å ta utgangspunkt i eller påstå at det finnes mistillit mellom barnehage og barneverntenesta, men eg ynskjer heller å trekkje det fram som noko som kan spele inn på terskelen for å uttøve meldeplikta si for ansatte i barnehagen. Ut ifrå informasjonen eg fekk i mine intervju syner begge informantane til at dess meir synleg barnevernet er, dess lettare er det å ta kontakt og terskelen for meldinga vert lågare. Eg fekk inga spesifikk informasjon om at mine informantar har misstillit til barnevernet og vel å tolke det slik ut ifrå kva informantane mine uttalte:

Informant 1 fortalde at:

*”På arbeidsplassen har me hatt besøk fleire gonger frå ulike plassar der dei har kome og fortald om born som har vore utsett for seksuelt misbruk, me har hatt barnevernet som har vore på personalmøte å fortald, politiet har vore inne og fortald og eg meiner det er viktig å ha dei innom jevnleg berre for å minna oss på kor viktig det er med den meldeplikta og kva ein skal vere obs på og kva teikn ein skal sjå etter”.*

Informant 2 var inne på noko av det same. Den sa at:

*”Eg føler eg kjenner barnevernet her i kommunen gjennom møter der dei stiller opp og fortel kva vore plikter er i barnehagen. Og den dialogen dei har med oss gjer at terskelen for å ringa dei er mykje mindre fordi det er mykje lettare å ringa til dei fordi du føler du får til eit samarbeid når dei stiller opp jevnleg. Barnevernet sine representantar er på team-møter ein gong i månaden”.*

Vi ser ut ifrå desse svara at det som er svært viktig for dei tilsette i barnehagen at barnevernet er tilstades, at dei syner andleta sine og er lett tilgjengelege. Dette fann også Baklien (2009) ut

i sin studie. Ho fann mellom anna ut at ein opplever fysisk avstand når ein ikkje har god nok kjennskap til dei ein skal samarbeide med. For å kunne styrke bornas situasjon og kvardag er det viktig at dei som arbeider rundt borna også spelar på lag med kvarandre og samarbeid er svært relevant. Samanhengen her er at dess oftare barnevernet viser seg dess meir ufarleggjort vert dei for dei tilsette i barnehagen. Terskelen vert lågare og telefonen vert lettare å ta. Men informantane har også gjort seg opp erfaringar kring det å samarbeide med barnevert gjennom saker der dei har hatt tett dialog. Informantane kunne fortelje om ulike saker der det varierte mellom vald, mistanke om vald, omsorgssvikt og elles bekymring for bornas heimesituasjon. Dei fortalde begge om situasjonar der dei begge hadde vore usikre, men etter drøfting med sine kollega eller anonym drøfting med barnevernet hadde vald å sende ei melding.

Vidare i mi undersøking vart samarbeid gjentatt ved fleira anledningar og eg fekk eit innsyn i korleis mine informantar ser på deira samarbeid med barnevernet. Begge fortalde at dei føler samarbeidet med barnevernet i kommunen er bra og den mest erfarne meiner det er betre enn på fleire år . Ettersom det skil åtte år mellom mi undersøking og Baklien sin studie vel eg å tolke dette som eit teikn på at samarbeidet har blitt betre mellom etatane, men sidan eg manglar nyare relevant forskning på dette kan eg ikkje konkludere med noko. Det er derimot noko eg ser på som relevant å få meir kunnskap om. Ut ifrå mine funn vel eg å tolke det som at fysisk avstand eller mistillit ikkje spelar inn på terskelen til mine informantar når det kjem til å melde ei bekymring då det er noko dei ikkje opplever som problematisk i samarbeidet.

### 5.3 Informasjonsutveksling og barnevernets teieplikt

Det var interessant å hente inn data som viser at dei begge ynskjer å ha meir opne dører og at begge meiner samarbeidet per dags dato er bra i sin kommune. Men vidare fortel den eine informanten at ho vegrar seg litt ekstra for å ha kontakt med barnevernet med tanke på all informasjonen ein ikkje får om eit eventuelt born i barnehagen, og der barnehagen kun opptre som utøver av opplysningsplikta si. Informant 1 var svært opptatt av dette tema og fortalde mellom anna:

*”Ofte når me har meldt so veit ikkje me kva som skjer. Me har ikkje peiling. Får beskjed om at det er iverksatt tiltak og so veit du ikkje meir... Plutseleg får du eit brev som dukka opp på pulten din der da står at dei skal veta diverse informasjon også fortel du alt om korleis bornet fungerer og alt og so spør du kvifor det er under*

*barnevernet og nei. Det får ein ikkje vite noko om. Og det kjenner eg er veldig frustrerende. ”*

Også Baklien (2009) fant ut i sin studie at informantane hadde ei sterk formeining om informasjonsutvekslinga mellom desse etatane. Baklien sin studie visar til at teieplikta ved ein for streng fortolking kan verte eit hinder når det kjem til formidling av informasjonen tilbake til barnehagen. Informant 1 fortalde vidare om at ho alltid spør barnevernet om å få meir informasjon dersom ho har utøvd opplysningsplikta si:

*”Då har eg spurd barnevernet om å få informasjon og om dei har rutiner på å spørje foreldre om det er greit om dei formidler informasjon om barnet til oss og då har dei sagt at dei spør om da.. So får ein stola på at dei spør om da då. ”*

Det kjem fram i både mine funn, i Baklien (2009) sin studie og i boka til Bratterud & Emilsen (2013) at eit samarbeid kunne fungert betre om teieplikta ikkje oppleves så streng for dei profesjonane som arbeider under opplysningsplikt. Baklien (2009) viste til at ein kan oppleve at nokre overtolker teieplikta si og det som er interesseant ved dette er at eg fekk den same informasjonen av mine informantar, åtter år seinare. Om det er lovverket som er for strengt eller om det er barnevernet som utøver ei for streng fortolking kan eg ikkje kome med påstand om ut ifrå mi oppgåve, men det er viktig å ha til ettertanke at dersom dette er tilfellet kan det har stor innverknad på om ein vel å melde ei bekymring eller ikkje. Bratterud & Emilsen (2013) skriv også om samarbeidet og korleis dette kan vere med å heve terskelen for dei ansatte. Dei skriv at ein kan oppleve dårleg samarbeid med mellom barneverntenesta og barnehagen dersom barnehagen har negativ erfaring frå å melde ei bekymring. Dette kan koma av at meldinga vert henlagt, barnehagen saknar tilbakemelding om framgang i saka eller at styrar og/eller pedagogisk leiar føler at deira kompetanse ikkje vert verdsett av barnevernet (Bratterud & Emilsen, 2013, s. 109).

## 5.4 Den fysiske kontakten med foreldra

Eit av punkta under intervjuet var den fysiske kontakten ein har med foreldra ved ein eventuell melding, kva dei tilsette tenkjer om dette samd om dei let det enten bevist eller ubevisst spele inn på måten dei utøver meldeplikta si på. Å samarbeide med barnevernet er svært viktig for informasjonsutvekslinga og for å gje bornet den beste omsorga og utviklinga

ut ifrå situasjonen, men det å samarbeide med foreldra er også viktig for det vidare arbeidet med ei sak. Informantane fortel at dei i eventuelle anonyme drøftingar med barnevernet vert oppfordra til å ta kontakt med foreldra angående deira bekymring før dei sender den eventuelle meldinga, men korleis opplever den ansatte den fysiske kontakten i denne situasjonen?

Informant 1 fortalde mellom anna:

*”Eg er jo bekymra for den, men eg er jo mest bekymra i forkant før eg skal ta opp med foreldre og fortelja at me er bekymra. Den samtalen der kan føllast ubehagelig for ein veit ikkje korleis foreldra reagere. Eg har opplevd at det har gått i begge retningar...”*

Informant 2 sa på si side at:

*”Eg fryktar det verste og håpar på da beste. Eg tenker jo her at no sviktar tilliten og deira tillit til meg. At eg ser ting som ikkje stemmer. Så eg tenker jo alltid på da at foreldra kjem enten til å ta barnet ut av barnehagen eller mislika oss og da skal dei få lov til å gjera.”*

Som ein kan lesa frå mine informantar ligg det framtidige forholdet til foreldra alltid i bakhovudet, og det er svært naturleg at det gjer. Dei ansatte i barnehagen møter desse foreldra ved hente og bringesituasjonar der ein utvekslar informasjon om bornet. Det er viktig for barnehagen at ein opplever forholdet som bra for å få den informasjonen ein har brukt for angående det spesifikke bornet for å kunne møte det på best mogeleg måte igjennom dagen, samd fortelje foreldra angående ulike episodar som kan ha oppstått i barnehagen i løpet av dagen. Min studie syner ikkje funn om at den fysiske kontakten med foreldra ved ei bekymring er noko som spelar inn på terskelen deira for å melde, men at dei opplever dette som svært ubehageleg.

## **6. Om mine funn**

Etter mine egne erfaringar frå arbeid i barnehagen hadde eg danna meg hypotesar på kva som kan spele inn på utøvinga av meldplikta, men dei vart ikkje brukt under intervjuet for å unngå å leda ann informantane. Eg vil i dette kapitlet kome med ei oppsummerande drøfting kring resultatene eg fekk sett opp i mot problemstillinga.

Eg meiner at eit av dei viktigaste punkta som eg har funne både i mi undersøking samd andre sine studiar er kor viktig det er å ha kjennskap til kvarandre, å kjenne til etatane og kjenne andleta til kvarandre. Ein vil oppleve ei form for tryggleik i sårbare saker som ein ofte opplever med meldeplikt ved å ha støtte i sine samarbeidspartnarar. Og det er dette eg ynskjer at endå fleire skal tenke på i løpet av sin kvardag, nemleg kven dei jobbar for. Det som viste seg i min studie var det at den yngste og minst erfarne av informantane hadde lettare for å sende ei melding til barnevernet ved ein mistanke eller ved ” *ein klump i magen*” som informanten valde å kalle det. Den mest erfarne informanten tok lettare ei drøfting med sine kollega eller ei anonym drøfting med barnevernet fordi erfaringa dens viste at ein behøvde å ha noko konkret for melding, ”*ein magefølelse er ikkje nok*”. Dette er viktig å ta med seg i da vidare arbeidet når det kjem til det tverretatlege samarbeidet.

Det eg derimot kan konkludere med ut ifrå min studie er at begge mine informantar sitter på kvar sin arbeidsplass og føler at dei ikkje strekker til kunnskapsmessig. Både den nyutdanna informanten og den som vart utdanna for 15 år sidan var begge opptekne av at dei ikkje sit med kunnskap om kva teikn ein skal sjå etter hjå born som ikkje har ein optimal omsorgssituasjon, kva som skal få varsellampen til å lyse og kva som mogelegvis er eit rop om hjelp. Dette erfarte eg også sjølv under tverrfagleg samarbeid med studentar under barnehagelærerutdanninga per dags dato. Kven skal setje dette på dagsorden? Eg prøver ved mi oppgåve å setje søkjelyset på det i håp om det ein dag i framtida vil verte ei utvikling kring dette. Ja, ein kan ta vidareutdanning innan ulike fagfelt, både når det kjem til psykisk helse og spesialpedagogikk for å nemne nokre få, men burde ikkje det ligge i grunnkunnskapen til ein barnehagelærer i 2017 å vite kva som er forskjellen på eit born med dårleg oppdragelse og på eit born sitt rop om hjelp? Eg vil spesifisere her at eg ikkje ynskjer å kome med påstand om at dagens barnehagelærarar er ulærde, men at dei både kan verte tryggare i sitt arbeid med born samd mot seg sjølv som privatperson og profesjonsutøvar dersom dei får meir informasjon om sine samarbeidspartnarar og teikn på ei eventuell omsorgssvikt. Det er viktig å ha sterkt i minne det Bratterud & Emilsen (2013) skreiv: ” Dersom man har problemer med å skille mellom de faktiske opplysningene, vurdere observasjonene og bearbeide sine egne overlevelsesstrategier, vil det å avdekke en slik uro skje langsomt ”( s.106).



## 7. Avslutning

Hensikta med oppgåva var å arbeide ut ifrå tema meldeplikt og problemstillinga mi som tok fatt på å finne ut kva som kan spele inn på terskelen for å uttøve meldeplikta si for dei ansatte i barnehagen. Dette vart gjort på ein måte der eg valde å ta i bruk kvalitativ undersøkelse for å få dei ansatte i tale og få presentere deira stemma. Eg har funne mine resultat etter to intervju som seinare vart transkriberte og analyserte av meg.

Min studie er altfor liten for å kunne konkludere med noko spesifikt i hovudsak med tanken på bruk av antall informantar då deltakinga er så lita at resultatata ikkje kan brukast som leiande. Det eg derimot kan konkludere med ut ifrå den kvalitative undersøkinga og med tanke på problemstillinga er at eg har oppnådd svar på delar av problemstillinga då mine informantar var samstemde når det kom til fleire av punkta som spelar inn på deira utøving av meldeplikta. Uavhengig frå resultatata eg har presentert håpar eg at denne oppgåva kan gje rom for både ettertanke og bevisstheit kring tema.

## 8. Litteraturliste

Backe-Hansen, E. (2009). *Å sende en bekymringsmelding – eller la det være? En kartlegging av samarbeidet mellom barnehage og barnevern*. NOVA

Henta 27.03.17 frå <http://www.hioa.no/Om-HiOA/Senter-for-velferds-og-arbeidslivsforskning/NOVA/Publikasjonar/Notat/2009/AA-sende-bekymringsmelding-eller-la-det-vaere>

Baklien, B. (2009). *Skole, barnehage, barneverntjeneste – bilder av "de andre" hindrer samarbeid*. Norges barnevern. Universitetsforlaget.

Barnehageloven. (2006). *Lov om barnehager*. Henta 07.04.17 frå [https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64/KAPITTEL\\_4#KAPITTEL\\_4](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64/KAPITTEL_4#KAPITTEL_4)

Barnevernvakten. *Hvem har meldeplikt?*. Henta 26.04.17 frå <http://barnevernvakten.no/hvem-har-meldeplikt>

Bratterud, Å., & Emilsen, K. (2013). *Dørstokkmila. Barnehagens vei fra magesfølelse til melding*. Bergen. Fagbokforlaget.

Dalland, O. (2007). *Metode og oppgaveskriving for studenter*. Oslo. Gyldendal Akademisk

Grimen, H. (2013). *Hva er tillit*. Oslo. Universitetsforlaget

Johannesen, A., Tufte, P.A., Christoffersen, L. (2010). *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode*. Oslo. Abstrakt.

Johansen, E.N. (2017, 12.04). Fortalte om mishandling hjemme- barnehagen gjorde ingenting. *NRK Hordaland*. Henta 17.04.17 frå [https://www.nrk.no/hordaland/fortalte-om-mishandling-hjemme\\_-barnehagen-gjorde-ingen-1.13472129](https://www.nrk.no/hordaland/fortalte-om-mishandling-hjemme_-barnehagen-gjorde-ingen-1.13472129)

Kvale, B., & Brinkmann, S. (2009). *Det kvalitative forskningsintervju*. Oslo. Gyldendal Akademisk

Lehn, E.W. (2009). *Dårlig magefølelse: Grunnlaget for bekymringsmelding?:- sentrale mønstre i barnehageansattes arbeid med barn som bekymrer*. (Mastergradsavhandling, NTNU). Henta 01.05.17 frå

[https://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/handle/11250/269251/396051\\_FULLTEXT01.pdf?sequence=1&isAllowed=y](https://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/handle/11250/269251/396051_FULLTEXT01.pdf?sequence=1&isAllowed=y)

Ryen, A. (2002). *Det kvalitative intervjuet*. Bergen. Fagbokforlaget

Statistisk Sentralbyrå. ( 2015). *Meldingar til barnevernet, etter kven som melde saka.2015, Meldingar i løpet av året, Meldingar i alt*. Henta 03.04.17 frå

<https://www.ssb.no/statistikkbanken/px-igrph/MakeGraph.asp?checked=true>

Tjernshaugen, K. (2011, 12.10). Ettåringer er mer enn åtte timer i barnehage. *Aftenposten*. Henta 23.03.17 frå

<http://www.aftenposten.no/norge/Ettaringer-er-mer-enn-atte-timer-i-barnehage-577594b.html>

Utdanningsdirektoratet. ( 2015, 25.09).*Rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver*. Henta 20.03.17 frå

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/barnehagens-innhold/rammeplan-for-barnehagens-innhold-og-oppgaver/>

## 9. Vedlegg

### 9.1 Vedlegg 1

#### Intervjuguide

- Presenterer meg sjølv og mi utdanning
- Sei noko om kvifor eg ynskjer å ha eit intervju
- Informera om taushetsplikt, anonymitet og bruk av bandopptakar
- Ynskjer konkrete svar på spørsmåla.
- Eventuelle spørsmål frå informanten

#### Åpningsspørsmål:

- Informantens yrkesbakgrunn
- Informantens yrke pr dags dato

#### Hovudspørsmål:

1. Kva tenkjer du ligg i ordet meldeplikt og kva veit du om meldeplikta du som offentleg ansatt har?
2. Korleis er praksis for sending av bekymringmelding på din arbeidsplass?
3. Kva føler du om informasjonen og kunnskapen du har fått via studier og arbeidsplass mtp å kunne vurdere omsorgssituasjonen til eit barn?
4. Kva tenkjer du om at tala på antall meldingar til barnevernet er lågt i forhold til andre instansar? Mtp på antall timar i døgnet bornet befinner seg her
5. Kva får deg til å ta vegen frå magefølelse til melding?
6. Korleis er dine profesjonelle erfaringar med barnevernet?
7. Fortell meg om eit tilfelle der du hadde bekymring for eit born. Kva veide for og imot ei eventuell melding
  1. Korleis var samarbeidet mellom deg og foreldra i denne saken?
8. Kva konsekvensar trur du ei eventuell melding vil få for ditt framtidige forhold til den aktuelle familien?
9. (Hva tenker du er forskjellen på å være personlig og privat i jobbsammenheng? )

#### Avslutning

- Avsluttende kommentarar. Noko som ikkje har blitt nemnt?
- Noko informanten ynskjer å seie noko meir om?
- Eventuelle kommentarar eller spørsmål frå informanten

## 9.2 Vedlegg 2

### **Forespørsel om deltakelse i bacheloroppgave**

#### ***”Kva kan spele inn på utøvelsen av meldeplikta for ansatte i barnehagen?”***

##### Bakgrunn og formål

Denne oppgåva vil ta utgangspunkt innan tema ”meldeplikt” og med tanke på kva som kan spele inn på utøvinga av meldeplikta for ansatte i barnehagen. Det vil verte nytta ein empirisk undersøkelse med ein kvalitativ metode for å danne eit grunnlag for diskusjonen i bacheloroppgåva. Du er bedt for å delta med tanke på di erfaring innan barnehagen, kor mange år du har vore ferdig utdanna og stillinga di i barnehagen per dags dato. Oppgåva vert skriven som avslutning på ein bachelorgrad innan barnevern frå Høgskulen på Vestlandet.

##### Hva innebærer deltakelse i bacheloroppgåva?

Di deltaking i bacheloroppgåva vil krevje eit intervju med varigheit kring 30 minutt.

Spørsmåla vil omhandle ditt arbeid som pedagogisk leiar, dine egne erfaringar kring samarbeid og informasjon om barnevernet. Ein vil ikkje få tilsendt spørsmål på førehand for å kvalitetssikre intervjuet på best måte. Eg vil ikkje hente inn opplysningar om deg som deltakar frå andre kjelder enn deg sjølv.

##### **Anonymitet**

Alle personopplysningar vil bli behandlet konfidensielt. Det er kun eg, Karianne Kvam, som har tilgang på personopplysning om deg og informasjonen som vert utveksla mellom oss under intervjuet. Det vil verte nytta bandopptakar under intervjuet der fila vil verte lagra på mi personlege datamaskin fram til det vert sletta 1.juni 2017. Alt vil bli lagra med fiktive navn for å sikre anonymitet.

Det vil ikkje vere mogeleg å gjenkjenne deg i ein eventuell publikasjon.

Prosjektet skal etter planen avsluttet 26.mai 2017.

##### **Frivillig deltakelse**

Det er frivillig å delta i studien, og du kan når som helst trekke ditt samtykke utan å oppgi nokon grunn. Dersom du trekker deg, vil alle opplysningar om deg bli anonymisert.

## **Samtykke til deltakelse i studien**

Jeg har mottatt informasjon om studien, og er villig til å delta

---

(Signert av prosjektdeltaker, dato)